



12 førsteklasingar møtte i dag, men det kan bli 13

ikkje før sommaren 2015 vil skulen vera renoverert men det har likevel vore ein optimistisk tone over skulestarten i dag. Uskedalen har trass i alt ein god skule md omsyn til fagleg standard og miljø og det var berre blide ansikt å sjå i morgontimane.

Derimot er det førebels litt uklårt kor mange elevar det blir i skuleåret 2012-2013. Det einaste som verkar nokonlunde sikkert er at det blir ein stad mellom 2010 og 2015 medan det enda på 2018 i det førre skuleåret-



Dei kjem sjøvegen på skulen

Med 2010 blir fordelinga

truleg slik frå 1. klasse og oppover:

12-17-24-14-17-12-14

Nye innslag i år vert ein elev frå Estland og ein frå Polen medan ein frå Odda blir erstatta av ein annan frå Odda.

Som vanleg vart førsteklassingane gjenstand for spesiell merksemd. Dei vart varmt motteke av lærarane Rannveig Helleland og Maria Larssen og det var tydeleg at dei hadde vore på skulen før.

Også

rektor Marie E. Kaldestad var innom med velkomsthelsing. To opplysningar gjorde nok særleg inntrykk: At det skal kjøpast leiker til klasserommet og at førsteklassingane har eit særleg ansvar for akvariet.

Skulen i Uskedalen har 2 elevar som kjem på skulen sjøvegen, Det er brørne Nils Rainer og Nikolai som går i 4. og 2. klasse. Dei bur på Skorpo og det er mor som stort sett skyssar dei over Storsundet. Ein skal truleg langt for å finna maken til skuleveg.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Elevane oppe i frå dalen kjem